

2023

Årsrapport Gløde AS og Gløde Utvikling AS



Fellestenester

Gløde AS

29.02.2024

INNHALDSFORTEGNELSE

Oppsummering 2023 – Helsing frå dagleg leiar 2	Logistikk og service 16
Vi takka av ein leiar 3	Gard og produksjon..... 17
Organisasjonen 3	Andre arbeidsområde 17
Aksjeeigarar..... 3	Gløde Data – Gløde Programmering – Gløde Software 17
Styret i Gløde 2023..... 3	Miljøarbeid 18
Selskapsstruktur pr. 31.12.2023..... 4	Kontor og administrasjon..... 18
Organisasjonskart..... 4	Utvikling og samarbeid..... 18
Organisering av attføringsverksemda 4	Sertifisering 19
Tilsette..... 5	ØKONOMI 19
Leiinga i Gløde 5	KVA MED 2024 20
Ordinært tilsette 5	
Lærlingar 5	
Lærekandidatar 5	
Fagutvikling og kompetanseheving – ordinært tilsette 5	
Personalpolitikk..... 6	
Rekrutteringspolitikk..... 6	
Verdigrunnlag..... 7	
Alle kan utvikle seg..... 7	
alle kan gjere ein forskjell 7	
Alle kan delta..... 7	
Strategisk plan..... 8	
Tiltak..... 8	
Arbeidsførebuande trening (AFT) 9	
Nyhende i tiltaket i 2023 9	
Korleis AFT gjennomførast 10	
Resultat for AFT..... 12	
Varig tilrettelagt arbeid – status og måloppnåing 12	
Metodar i tiltaket 13	
Tilbod i ordinært arbeidsliv 14	
Kompetanse 14	
Kommunale tiltaksplassar i Gløde..... 15	
Gardsarbeid..... 15	
Metodar i tiltaket 15	
Gløde som opplæringsbedrift 15	
Oversikt over arbeidsfelt i verksemda 16	

OPPSUMMERING 2023 – HELSING FRÅ DAGLEG LEIAR

Året 2023 har vore eit svært aktivt år der mykje har skjedd på mange område.

Året vart innleia med at vi fekk den høgste tildelinga på 250 000 kroner i Spinnmidlar for å utvikla Gløde Data. Då var dagleg leiar og dåverande avdelingsleiar for AFT til stades på Nordhordland Awards og fekk motta den høgt akta prisen.



Foto: Monica Skjelanger Reknas



Kan smykke seg med 250.000 frå Sparebanken Vest.

Gjennom året som har gått har vi hatt fokus på å betre organisasjonen innan dei områda vi driv i dag. Vi utarbeidde hausten 2022 eit utfordringskriv til styret med forslag til strategiske val for komande strategiperiode med følgjande hovudpunkt:

1. Rett brukargruppe i VTA
2. Rett deltakar på rett plass
3. Behov for å definera våre kjerneområde
4. Endra organisering for å tilpasse profil og tilpassa forventningar
5. Kompetanse og utvikling
6. Ekstra tilrettelagt arbeid

Desse punkta har vore ei viktig rettesnor for å ta dei rette vegvala for å møte krav og forventningar frå NAV, Alver kommune og andre interessepartar. Punkta er innarbeidd i strategisk plan og årsplan for Gløde. Endringane inneber mellom anna at vi er tydelegare på inndeling av arbeidsområda ut frå tilretteleggingsbehov, og vi er i gang med ein prosess for å sikre at rett deltakarar er på rett plass, og i rett tiltak. Vi satsar aktivt og målretta for å utvikle dei interne arbeidsområda, og har auka satsinga på fagopplæring. Vi definerer tydelegare våre kjerneområde for VTA- og AFT-tiltaka:

Data: Gjenbruk av brukte datamaskiner / programmering / web-design / nettbutikk

Matfag: Kjøkken / kantine / catering

Handverksfag: Tre/gjenbruk av byggematerialar og vaktmeistertjenester

Logistikk: Lager/frukt og transport

Merkantil: Kontor- og administrasjon

I Gløde Data starta vi i august 2023 opp grunnopplæring i koding og programmering i frontendfaget, som m.a. nyttast til å bygge nettsider og appar. Opplæringa skjer i samarbeid med JobLoop som på nyåret vart kåra til årets sosiale entreprenør. 11 deltakarar frå AFT- og VTA-tiltaket deltok på opplæringa som gjekk over 3 mnd. Gløde fekk 2 midlertidige VTA-plassar og 2 faste plassar som følgje av denne satsinga. Nytt kurs starta i februar 2024. Vi har også satsa på bygging av nettsider til eksterne partar som eit nytt forretningsområde. Gløde ser på dette som ein viktig satsing og vil halde fram med å utvikle dette området i åra som kjem.



Gløde AS har hatt ein stor økonomisk snuoperasjon i 2023, og med atterhald i at rekneskapan ikkje er ferdig, ser vi ut til å ende med eit lite overskot i 2023, mot eit stort underskot på 3,2 mill. i 2022. Resultatforbetringa skuldast auka inntekter med 17%, både auka tilskot for tiltak og auka ordretilgang. Vi har god tru på at dette vil halde fram i 2024.

VI TAKKA AV EIN LEIAR

Hausten 2023 takka vi av vår daglege leiar gjennom mange år, Bjørn Arild Herfindal. Bjørn Arild starta som leiar av Meland Arbeidssenter i 2005, og gjekk etter kvart over til å leia den fusjonerte verksemda Gløde. Dei siste åra har han hatt ei anna rolle i bedrifta. Hausten 2023 gjekk han over i pensjonistane sine rekker. For mange arbeidstakarar i Gløde vil han for alltid vere «Sjefen over alle sjefar».



ORGANISASJONEN

AKSJEIEIGARAR

Gløde AS er heileigd av Gløde Utvikling AS. Etter emisjon i Gløde Utvikling i september 2023 der Alver kommune auka sin eigardel med eit aksjeinnskott på 3 mill., ser fordelinga slik ut:

Eigar	Aksjar	Eigardel %
Alver kommune	3085734	97,44 %
Hordaland Fylkeskommune	11841	0,37 %
Meland lokallag NFU	10000	0,32 %
Framo Flatøy AS	8960	0,28 %
Norges Handikapforbund Meland	8000	0,25 %
Sparebanken Vest	5920	0,19 %


Meland Helselag	6000	0,19 %
Austrheim Kommune	4559	0,14 %
Helge Vidar Larsen	4000	0,13 %
Masfjorden Kommune	3375	0,11 %
Norsk Hydro	2960	0,09 %
Steinar Knudsen	2000	0,06 %
Karl G Oppsahl	2000	0,06 %
Per Sæthre (etterkommere)	2000	0,06 %
Ingvald Bastesen	2000	0,06 %
Johan Alv Andersen (død 2023)	2000	0,06 %
Gunnar Vetlejord	2000	0,06 %
Equinor Mongstad	1776	0,06 %
Fedje Kommune	1539	0,05 %
Adv. Olav Jordal (død i 2008)	118	0,00 %
Nordhordland Næringslag	118	0,00 %
Totalt	3166900	100 %

STYRET I GLØDE 2023

Styreleiar: Nils Marton Aadland	Tilsettevalgt: Marion Louise Dale
Nestleiar: Steinar Raa	Tilsettevalgt vara: Simon Wiig Andersen
Medlem: Åshild Åmli	Representant for deltakarar: Svein Skjelanger
Medlem: Anne Grete Eide	Representant for deltakarar/vara: Anne Grethe M. Tvedt
Medlem: Rolf Svendsen	Varamedlem: Sølvi N. Gripsgård Knudsen
Medlem: Kristina Vakt skjold Hamre	Varamedlem: Tore Augen Hansen

SELSKAPSSTRUKTUR PR. 31.12.2023


Gløde har konsernstruktur og inneheld desse verksemdene:



- Gløde disponerer kantine og kjøkken i RNH – Helsehuset i Knarvik - Kvassnesvegen 40, 5914 Isdalstø
- Gløde leigar gardsbruk, på Thorsheim/Seim



ORGANISASJONSKART



ORGANISERING AV ATTFØRINGSVERKSEMDA

Gløde AS leigar lokale hjå Gløde Utvikling AS.

- Havnevegen 15 – Produksjonslokale
- Havnevegen 11 – Produksjonskjøkken, kantine, møterom, kontor
- Mjåtveitflaten 33-37 – Kontor, møterom, undervisningsrom, produksjonslokale og lagerlokale

TILSETTE

LEIINGA I GLØDE



ORDINÆRT TILSETTE

Gløde hadde ved årsskiftet 2023/24 ein stab på 37 tilsette fordelt på 30 årsverk. Av desse er alle bortsett frå dagleg leiar og nestleiar i hovudsak direkte knytt til tenesteyting/attføringsfagleg ansvar. Gløde har kompetente medarbeidarar i alle ledd. Til saman dekker vi mange fagfelt og har solid erfaring frå privat og offentleg verksemd samla på ein stad.

- Arbeidsinkluderingskompetanse
- Pedagogisk kompetanse
- Helse- og omsorgsfag
- Industri- og handverksfag
- Leiing- og administrative fag
- Humanistiske fag

Sjå meir om kompetanse nedanfor.



Andreas rette absolutt alle. Foto: Henrik R. Haulden

– Dette redar iv, seier Andres Merkesdal, og siktar til at politikanne Kåve må gjeve vekstrettførme. Foto: Henrik R. Haulden

Frå å sove i 24 timar døgnet til fagprøve

Bilde: Årets viktigaste frukost i Dampen, juni 2023.

LÆRLINGAR

Gløde AS har i 2023 hatt ein lærling innan logistikkfaget. Lærlingen er VTA-tilsett. Lærlingen er no inne i siste del av sitt opplæringsløp og skal etter planen ta fagprøve i juni 2024.

«No ser eg lyst på alt, og føler meg som ei viktig brikke i Gløde»

LÆREKANDIDATAR

Det er 2 lærekandidatar knytt til verksemda, begge innan kokkefaget. Ein av desse er VTA-tilsett. Den andre lærekandidaten er tilsett gjennom ordninga 2+2.

FAGUTVIKLING OG KOMPETANSEHEVING – ORDINÆRT TILSETTE

Gløde AS har dedikerte og dyktige tilsette. Dei tilsette har mykje relevant erfaring og høg fagleg kompetanse. Vi erkjenner at utvikling av organisasjonen og vår samla kompetanse er viktig, og difor satsar vi på fleire kompetansehevande tiltak innanfor berekraftige økonomiske rammar.

I løpet av 2023 har vi hatt folk som har avslutta sitt arbeidsforhold og vi har hatt folk som har starta i eit nytt arbeidsforhold i Gløde. Gjennom året har også nokre av våre fast tilsette vore langtidsjukmelde og nokon har hatt lengre permisjonar grunna andre forhold.

Våre tilsette utgjer vår mest verdifulle ressurs. Investering i kompetanse for medarbeidarar som jobbar med rettleiing er avgjerande for å nå måla våre og deltakarane sin suksess. Det er også essensielt for å levere produkt som møter krava frå samarbeidspartnar og kundar.

Kjernekompetansen vår ligg i å samhandla med og legge til rette for personar med behov for tilrettelagt arbeid, og gi dei eit godt og individuelt tilpassa tilbod. Våre tilsette skal ha nødvendig kompetanse om NAV, tilrettelegging, arbeidsinkludering, yrkesfag, rettleiing, pedagogikk, samtaleteknikk og næringsliv. Denne kompetansen er grunnlaget for arbeidet vårt og skal sikre at vi effektivt kan møte behova til deltakarar og levere kvalitetsprodukt til samarbeidspartnarar og kundar.

Gløde sin samla attføringskompetanse pr. 31.12.2023 ligg i eige vedlegg.

Kompetanseutvikling ordinært tilsette i Gløde AS i 2023			
Fag	Kven deltok?	Varigheit	Dato
Relasjonsledelse	1 veileder	6 mnd	Eksamen våren 2023
Rådgiveren (sertifisering)	2 veiledere	3 dagar	Sertifisering 2023
Lean sertifisering (gult belte)	1 veileder	4 dagar	Sertifisering våren 2023
Veilederstudium	2 arbeidsveiledere	1 år (30 studiepoeng)	Eksamen våren 2023
Fra arbeidsleder til arbeidsveileder	Avdelingsleder	4 dagar	Kursbevis
Felles innføring i SE – intern opplæring	Veiledere og arbeidsveiledere	1 time	
Felles innføring «Fra arbeidsleder til arbeidsveileder» - intern opplæring	Veiledere og arbeidsveiledere	1 time	
Felleskurs fagopplæring og bruk av læreplaner – intern opplæring	Veiledere og arbeidsveiledere	3 timer + etterarbeid	
Kurs for faglege leiarar og instruktørar (Vestland Fylke og OKAMB)	Faglege leiarar kantine, trearbeid og logistikk	1 dag	

Gløde abonnerer for tida på to ulike digitale læringsplattformer; Eduhouse og Videocation, der både ordinært tilsette og deltakarar kan utvida sin kompetanse gjennom kortare og lengre kurs etter behov. Mellom anna held leiarane i Gløde i desse dagar på å gjennomføre kurs i LEAN via videocation.

I 2024 skal det gjennomførast sertifisering i InFlow for 2 veiledere i AFT. Ein legg og opp til meir kompetanse påfyll i SE og MI. 2 av våre veiledere skal gjennomføre digitalt kurs i frontended developer. Nye faglege leiarar og instruktørar skal gjennomføre obligatorisk kurs retta mot lærekandidatar i regi av OKAMB og Vestland Fylkeskommune.

PERSONALPOLITIKK

Personalpolitikken er ei rettesnor og skal synleggjere haldningar og køyreregjar som skal følgjast i verksemda, slik at vi når måla våre. Dette skjer i eit arbeidsmiljø som skal vere prega av utvikling og der dei tilsette vert stimulert fagleg og menneskeleg, og ved best mogeleg bruk av dei tilsette sin kompetanse og evner. Gjennom personalpolitikken ynskjer Gløde å skape eit arbeidsmiljø som kjenneteiknast av m.a. kvalitet, kompetanse, gjensidig respekt, tillit, fellesskap og openheit. Personalpolitikken er nedfelt i eiga personalhandbok og omhandlar m.a. rekruttering, løn, arbeidsmiljø, arbeidsvilkår, kompetanseutvikling, omstilling og likestilling.

REKRUTTERINGSPOLITIKK

Gløde har som mål å ha brei formal- og realkompetanse i organisasjonen for å imøtekomme NAV sine krav, og dei mange ulike behova brukarane våre har. Dette er ein føresetnad for å kunne tilby ei heilskapleg teneste.

Rekrutteringsprosedyren er skildra i personalhandboka. Vi skal ha ei profesjonell sakshandsaming i rekrutterings- og tilsetjingsprosessen. Ved tilsetjing er det fagleg bakgrunn, personlege eigenskapar og erfaring som skal leggjast til grunn. Ingen skal diskriminerast på grunn av alder, funksjonshemming, kjønn, rase, religion eller seksuell legning.

For å halda på kvalifisert personell legg vi vekt på:

- Å ha eit fagleg utfordrande miljø
- Å gi den tilsette ressursar som er nødvendige for å kunne utføre arbeidet trygt og effektivt
- Å ha eit samarbeidsklima som er prega av openheit og tryggleik
- Å gi den einskilde tilsette moglegheit for vidareutvikling både på eit personleg og eit fagleg plan

VERDIGRUNNLAG

Gjennom arbeid og tenester skal vi styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine. Det er vår visjon. Vi lukkast i den grad den enkelte lukkast i å nå sine mål.

Verdigrunnlaget er formulert i fem setningar som ligg til grunn for alt vi gjer:

- Alle er unike og likeverdige
- Alle skal oppleva meistring
- Alle kan utvikle seg
- Alle kan gjere ein forskjell
- Alle kan delta

ALLE KAN UTVIKLE SEG

Når vi seier at alle kan utvikle seg, meiner vi at alle menneske har ei evne i seg til å lære, tilpasse seg og vakse. Uansett utgangspunkt, er det mogeleg å utvikle nye ferdigheiter, bygge sjølvtilitt og oppnå personleg vekst. Det handlar om å skape eit miljø som inspirerer til læring og gir støtte til den individuelle utviklinga.

ALLE KAN GJERE EIN FORSKJELL

Når vi hevder at alle kan gjere ein forskjell, refererer vi til ideen om at kvar einskild har unike bidrag å tilføre samfunnet. Det kan vere gjennom arbeid, frivillig innsats, eller andre måtar å engasjere seg på. Ved å erkjenne og verdsette mangfaldet i fellesskapet, skaper vi eit rikt samfunn der kvar person sitt unike perspektiv og kompetanse blir verdsett.

ALLE KAN DELTA

Arbeidslinja er sentral i den norske velferdsstaten. Gløde vil, og skal, støtte opp om dette. Vi har likevel endra «alle kan arbeide» til «alle kan delta». Det å delta handlar om å vere del av noko større og å føle seg inkludert. Vår visjon er å støtte deltakarar og arbeidstakarar i å finne ein eigen veg til meningsfull deltaking og bidrag til samfunnet.



STRATEGISK PLAN

Generelt	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal vere ein betydeleg aktør innan arbeidsinkludering i Nordhordland og nærområda, og ein god aktør innan våre teneste- og produksjonsområde. • Vi skal vere tydelege på våre verdiar. • Vi skal ha eit godt omdømme.
Økonomi	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal ha økonomisk handlingsrom – alle investeringar skal vurderast ut frå økonomisk berekraft.
Kvalitet	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal levere tenester og produkt av høg kvalitet, til rett tid og til konkurransedyktig pris. • Alle arbeidsområde skal vere lønnsame. • Kontinuerleg oppfølging av krav knytt til ISO-sertifisering.
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltaka våre skal vere føretrekte. • Rett deltakar på rett plass.
Produksjon	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal levere kvalitet og imøtekomme krav og forventningar frå kundar og myndigheiter.
Eigarar	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal ha god samhandling med eigarane.
Marknad	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal nå brukar- og kundegrupper med ein relevant bodskap. • Vi skal ha kompetanse som gjer oss attraktive for kundar og samarbeidspartar.

Utvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal vere oppdaterte på fagområda våre og omstille oss etter krav og forventningar frå kundar og samarbeidspartar. Nyskaping skal vere eit prioritert område.
Personale	<ul style="list-style-type: none"> • Gløde skal vere ein attraktiv arbeidsplass.
Anbod	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal aktivt arbeide for å søke om aktuelle anbod fortløpande, deriblant avgrensa anbod.
IKT/Teknologi	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal vere oppdaterte innan IKT og tekniske løysingar.
HMS / Arbeidsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal ha eit godt og trygt arbeidsmiljø.

TILTAK

Samfunnsoppdraget til Gløde er å hjelpe menneske som er utanfor arbeidslivet attende i arbeid, eller over til andre varige løysingar. Vi skal også tilby varig tilrettelagde arbeidsplassar til dei som treng det. Dette gjer vi gjennom ulike arbeidsmarknadstiltak for Nav og for Alver kommune.

Tiltaka skal følgje gjeldande kravspesifikasjonar, og vi bygger prosessane og instruksane våre i tråd med desse. Brukarmedverknad står sentralt, og målet er at alle deltakarar skal vere aktive medskaparar av eigne opplærings og tiltaksplanar. Deltakarane skal vere med på å definera forventningar og krav. Vi meiner at dette gir ein meir meningsfull oppleving for alle involverte.

For dei midlertidige tiltaka set vi målestokken ved den ordinære arbeidsmarknaden. På vegen din vil mange komme til å nytte seg av dei interne arbeidsområda våre. Desse fungerer på sitt beste som eit verktøy for kartlegging, plan og progresjon. Vi utfører individuelle vurderingar for å sikre at arbeidsoppgåvene er realistiske og hensiktsmessige for kvar deltakar.

Vi har dei siste åra vore godkjend opplæringsbedrift innan fleire fagområde, inkludert ernæringskøkk, restaurantkøkk, møbelsnikkar, logistikk og kontor/administrasjon. Vi tilpassar fagplanane til kvar einskild arbeidstakar og har også inkludert mål frå andre relevante læreplanar.

Tildelt ramme og godkjende plassar pr. 31.12.23

- 36 AFT-plassar
- 27 VTA-plasser (derav 2 midlertidige)
- 14 personar med avtale om kommunale plassar (ikkje tildelte plassar)

ARBEIDSFØREBUANDE TRENING (AFT)

AFT-tiltaket har 36 plassar og er utforma i tråd med NAV sin kravspesifikasjon for tiltaksarrangør. Målgruppa er ei mangfaldig gruppe menneske med redusert arbeidsevne og ulike bistandsbehov.

Det ultimate målet er å oppnå ei overgangsrate på 50% til arbeid eller utdanning. Vi forstår at vegen til arbeid kan vere utfordrande for mange, og difor tilbyr vi individuell tilpassing for kvar deltakar. Dette inkluderer å handtere helsemessige og sosiale utfordringar, styrke grunnleggande ferdigheiter og støtte dei med avgrensa eller ingen arbeidserfaring.



NYHENDE I TILTAKET I 2023

2023 har vore eit spanande år for AFT med eit aukande fokus på å utvikle det gode faginnhaldet, nye tilbod og opplæringsplanar. Målet er at ein deltakar skal kome nærmare det ordinære arbeidslivet, enten gjennom arbeid, kurs, utdanning eller læreløp. Gløde AFT har eit tett samarbeid med Krokeide vidaregåande skule, som tilbyr tilrettelagt vidaregåande opplæring.

Gløde AFT er framleis ute i distriktet og møter deltakarane der dei er. Nytt i 2023 er at ein har starta med deltakarar som er søkt inn frå Solund, i tillegg til Fensfjorden og Osterøy. Vi har fått gode tilbakemelding frå NAV på resultat våre.

Gjennom heile 2023 har ein hatt eit aukande fokus på marknadsarbeid. AFT er meir ute i distriktet for å tileigne seg og oppretthalde gode relasjonar med arbeidsgivarar. Gløde AFT ønsker mindre bruk av intern arbeidspraksis. **Ekstern arbeidspraksis skal være det føretrekte valet.** Det er mindre fokus på tilrettelegging i arbeidspraksis. Nyare forskning viser at ved ikkje å tilrettelegge ved oppstart, blir det ei betre kartlegging av eventuelle behov for tilrettelegging inn mot eller i ordinært arbeid.

Gjennom heile året har det vore eit aukande fokus på deltakarprosent og at den skal gje eit reelt bilete på oppfølging deltakar får i tiltak. Hovudfokus er at ein arbeidspraksis skal føre til eit løna, varig arbeid. Det er ikkje lenger mogleg å nytte seg av ringevikariat eller tilkallingsvakter, då det ikkje gjev eit stabilt løna arbeid. Løna arbeid vil medføre at ein deltakar skal stå i 49% deltakarprosent, men dersom løna arbeid stig over 50%, vil ein bli avslutta i tiltak.

I januar starta ein planlegging av eit nytt tilbod i AFT, Gløde programmering. Tilbodet er eit samarbeid med JobLoop, som har det faglege ansvaret. Gjennom eit 12-14 vekers tilbod skal deltakarane kunne tileigne seg kunnskap innan grunnleggande programmering med JavaScript. Tilbodet er spesielt retta mot dei som har eit ønske om å tileigna seg

grunnleggjande programmeringsferdigheiter, for å kunne utvikle nettsider og appar. Tilbodet er på 30 timar pr. veke med fysisk oppmøte. Opplæringa vert gitt med 2 digitale læredagar med JobLoop, med påfølgande 3 dagar med sjølvstudium og innlevering av løyste arbeidsoppgåver. Heile tida med tett oppfølging av rettleiarar i AFT.

I juni endra Gløde AFT lokasjon, frå Mjåtveitflaten 33 til Havnevegen 11. Ein bytta lokalar med administrasjonen, noko som gav AFT ein meir sentral lokasjon med moglegheit for eit betre kollektivtilbod.

I august starta ein tilbodet Gløde programmering, med 9 AFT deltakarar og 2 VTA deltakarar.

Samstundes Gjennomførte AFT i samarbeid med NAV, tilrettelagt AMO innan førarkort klasse C og D. Her har 3 deltakarar fått tilbod om teoretisk oppfølging og trening, sjølvstendig og saman med rettleiar. I utgangen av 2023 hadde alle bestått teoretisk del og i løpet av 2024 skal dei ha fullført AMO.

I oktober blei AFT også knytt opp mot ei eigen fagavdeling i Gløde. Målet er at ein skal ha eit aukande fokus på faginnhold og heve fagkvalitet i heile Gløde AS.


Samstundes valde Åshild Langeland å seie opp si stilling som avdelingsleiar. Carina Haugsdal blei tilsett som avdelingsleiar for arbeidsinkludering. Ho har tidlegare vore rettleiar i AFT og har arbeidd i Gløde sidan 2019. I tillegg til avdelingsansvar for AFT, vil ho ha fagansvar både for AFT, VTA og KVA.

I november fullførte 10 deltakarar Gløde programmering, 1 blei avslutta tidlegare grunna språkvanskar. Av dei resterande 10, gjekk 3 vidare til NAV AMO tilbodet, IT-utviklar.

Dei 10 som fullførte Gløde programmering, utrykte eit behov for eit vidare tilbod. Ein starta planlegging av ein forlengd arm; Gløde Software. Gløde Software skulle vere eit aktivt tilbod, kor ein kunne øve på områder som ein var usikker på. Samstundes skulle ein arbeide med enkle programmeringsoppdrag frå kundar. Ein ville i starten arbeide med interne oppdrag for Gløde og deretter ta enkle

oppdrag for eksterne kundar. Planen blei ein oppstart av tilbodet i januar 2024.

Desember blei ein særskild avslutning i 2023 for AFT, med ein formidlingsprosent på heile 84%!



KORLEIS AFT GJENNOMFØRAST

Gløde tilbyr alltid eit individuelt tilpassa tilbod for alle deltakarar i AFT.

METODAR I TILTAKET

Vi nyttar Supported Employment som grunnleggjande metode i alt vårt attføringsarbeid. SE har ein todelt struktur som består av eit verdsett og ein definert arbeidsprosess (femtrinnsprosess). Verdiane gir tydelege forutsetningar for samarbeidet mellom rettleiar og deltakar, og inkluderer blant anna styrking av individet, verdigheit og respekt for enkeltmennesket. Verdiane som er angitt i SE ligg til grunn for alt vårt deltakarretta arbeid. I tillegg definerer Gløde tiltaksspesifikke prosessar for kvart tiltak basert på SE sin femtrinnsprosess.

Tiltaket gjev eit individuelt tilpassa tilbod, kor ein tilbyr individuelle samtalar med rettleiar, kurs i grupper og/eller tilpassa, karrierekartlegging med bruk av ulike digitale og fysiske verktøy, opplæring, intern og ekstern arbeidspraksis med tett oppfølging, moglegheit til å oppnå mål/ og eller kompetansebevis i høve til læreplanar, formidling til ordinært arbeid, oppfølging i ordinært arbeid og avklaring mot ordinært arbeid.

Gløde AFT nyttar ulike verktøy i møte med den einskilde deltakar:

- Individuelle samtalar med rettleiing
- Karriereverktøy/samtaleverktøy SCI / Inflow24 / JobPics / MI

- Kartlegging av basiskompetanse, Rådgivaren
- Kurs i Tankevirus, arbeidslivskompetanse, ernæring, økonomi og fysisk aktivitet
- Sosial trening
- Individuelle meistringsaktivitetar
- Opplæring i fag ved bruk av fagplanar for yrket
- Vurdering og oppstart mot ordinære læreløp
- Opparbeiding av arbeidstimar mot fullføring av fagbrev
- Arbeidspraksis internt og eksternt, tilpassa den einskilde sine føresetnader, ynskjer og behov
- Digitale kurs; Eduhouse
- Kompetansehevande kurs
- Samarbeidsmøte med NAV / helsetenester og andre aktuelle instansar
- Samarbeidsmøte med opplæringskontor og utdannings institusjonar
- Opplæring i utarbeiding av CV og søknad

TILBOD I SKJERMA ARBEIDSMILJØ

Gløde har i 2023 hatt tilbud om tilrettelagt arbeid i skjerma arbeidsmiljø innan arbeidsområda

- Data: Gjenbruk av brukte datamaskiner / nettbutikk / Gløde programmering / Gløde Software (under planlegging)
- Matfag: Kjøkken / kantine / catering
- Handverksfag: Tre/gjenbruk av byggematerialar, glas- og tekstil, garden og vaktmeistertenester
- Logistikk: Lager/frukt og transport / mengde trening truck
- Merkantil: Kontor- og administrasjon
- Helsefag: Miljøarbeid i dei ulike avdelingane

Avdelingane er ulikt nytta, knytt til etterspørsel og behov frå deltakarane. I tillegg ynskjer AFT å nytte intern arbeidspraksis i mindre grad enn tidlegare. Resultata for 2023 viser at det

er Gløde data, kantine og fruktavdelinga, som er mest nytta. Gløde data ligg høgst, men det er og knytt til at tilbodet Gløde programmering er underlagt denne avdelinga. Difor satsar Gløde akkurat på denne avdelinga og ser på ulike utviklingsmoglegheiter.

TILBOD I ORDINÆRT ARBEIDSLIV

Gløde har i 2023 hatt eit større fokus på bruk av eksterne aktørar for å gi tilbod inn mot og i ordinært arbeidsliv. Det ordinære arbeidslivet gjev deltakaren ei unik moglegheit for å tileigne seg arbeidserfaring, kome i lønna arbeid, utforske fagområde og kunne vurdere / starte i ordinære læreløp. Resultata viser at i 2023 har deltakarane vore utplassert innanfor næringsområda; helsefag, logistikk, butikk, barnehage- og skule, transport og merkantilt.

KOMPETANSE

Gløde har eit stort fokus på at deltakarar i AFT skal ha eit tilbod som både styrkder og gir moglegheiter for opplæring og kvalifisering inn mot ordinært arbeidsliv.

I AFT nyttar ein ulike kartleggingsverktøy for å kartlegge nivå til den einskilde deltakar. Deriblant nyttar ein rådgivaren som gir ei nivåvurdering av basiskompetanse. Resultat gir ein moglegheit til å styrke basiskompetansen for å kome nærare krava som stillast inn i ordinært arbeidsliv. Pedagogane våre kan sette opp eit tilpassa opplæringsløp innan basiskompetanse og norskopplæring.

Gløde bistår alle deltakarar med realkompetansevurdering. Realkompetanse er all kunnskapen ein person har tileigna seg gjennom livserfaring, utdanning, lønna og/eller ulønna arbeid, organisasjonserfaring og fritidsaktivitetar. Gjennom realkompetansevurdering vil deltakarane få verdsett det dei har av erfaring og få godskrive dette opp mot ei eventuell utdanning.

I 2023 har ein nytta den digitale kursportalen Eduhouse. Der tileignar deltakarane seg kompetanse innan økonomi, IT, psykisk helse, ulike verktøy innan sosiale media og Office 365.

For å styrke kompetanse inn mot arbeid, tilbyr Gløde kurs innan arbeidslivskunnskap. Her tileignar deltakarane seg kunnskap om lovverk, karriere, CV, søknad, arbeidskultur, kommunikasjon, haldningar og hygiene. Vi har eit stort fokus på at avdelingane i Gløde skal ha utarbeida opplæringsplana som kan knytast opp mot ordinære læreplanar. Planen skal innehalde konkrete mål, rutinar og oppgåver og instruksar. Det er for å sikre at alle deltakarar skal tileigne seg ei praktisk opplæring opp mot eit fagbrev og vurdering mot eit læreløp. Opplæringa i Gløde blir individuelt tilpassa. Både ved ekstern- og intern arbeidspraksis blir det utarbeida ein opplæringsplan. Ved fullført arbeidspraksis blir det skriva ein attest om stadfester fullførte læremål og eventuelle opparbeida arbeidstimar. Gløde legg til rette for yrkesfaglege løp og anna opplæring/utdanning for eksempel i samarbeid med skule, fylkeskommune og arbeidsgjevarar.

RESULTAT FOR AFT

AVSLUTTA TILTAK

ARBEIDSFØREBUANDE TRENING	2023	2022
<i>Ordinært arbeid utan lønstilskot</i>	6	8
<i>Ordinært arbeid m/lønstilskot</i>	4	2
<i>Utdanning eigenfinansiert</i>	2	5
<i>Tiltaket AMO</i>	13	1
<i>Anna aktive løysingar</i>	5	17
<i>Sjukdom/medisinsk/sosial rehab.</i>	14	10
<i>Søkt, fått uførepensjon</i>	0	5
<i>Anna, ingen aktive løysingar</i>	19	4
<i>Sum avslutta</i>	65	52

Målkraft	Resultat 2023	Resultat 2022
50 % overgang	40 %	28 %

FORMIDLING

Andel deltakarar som har vore i arbeidstrening i ordinært arbeidsliv i rapporteringsperioden: 110%

FORDELING ALDER FOR DEI SOM HAR SLUTTA I PERIODEN

Alder	2023	Alder	2022
Under 25 år	17 personar	Under 25 år	23 personar
Over 25 inntil 35 år	33 personar	Over 25 inntil 35 år	22 personar
Over 35 inntil 55 år	14 personar	Over 35 inntil 55 år	9 personar
Over 55 år	1 person	Over 55 år	3 personar

GJENNOMSTRØMMING

	Kvinner	Menn	Total
Deltakarar ved start	15	16	31
+ Starta i løpet av året	23	44	67
- Slutta i løpet av året	25	40	65
= Deltakarar ved slutten av året	13	20	33

VARIGHEIT

Inntil 1 måned	9
Over 1 måned, inntil 10 månadar	39
Over 10 månadar, inntil 20 månadar	17
Over 20 månadar	
Gj.snittlig opphaldstid i verksemda i mnd.	6,0

VARIG TILRETTELAGT ARBEID – STATUS OG MÅLOPPNÅING

Gløde har som tiltaksarrangør avtale med NAV om gjennomføring av varig tilrettelagt arbeid. Vi har eit variert arbeidstilbod som skal ta omsyn til ulike interesser og behov, og arbeidsoppgåvene skal vere individuelt tilpassa. Vi legg stor vekt på meistring, trivsel og utvikling for kvar einskild, i samsvar med kravspesifikasjonen i tiltaket.

For å sikre ei personleg tilnærming gjennomfører vi medarbeidersamtalar og utarbeider individuelle planar for alle deltakarar. Desse planane skal tilpassast kvar einskild for å imøtekomme ønsker

og behov, med trenings- og utviklingsmål, som vert nøye følgd opp og evaluert.

Vi har pr. 31.12.23, 27 plassar i tiltaket, der 2 plassar er øyremerkta Gløde Data (Software). Frå 1.1.24 fekk vi i tillegg 2 faste plassar som også er knytt til Gløde Data. Det er i all hovudsak ein stabil arbeidsstokk i VTA, men det har vore noko endring siste året som følge av ein prosess der enkelte deltakarar skal ut av VTA-tiltaket og over til kommunal finansiering då dei treng tettare oppfølging enn det som VTA-tiltaket er berekna for. Denne prosessen vil halde fram i 2024. I tillegg flytta ein arbeidstakar ut av distriktet og valde å avslutta i VTA.

I vår strategi har vi slått fast at Gløde tilbyr VTA innan følgjande arbeidsområde.

- Data: Gjenbruk av brukte datamaskiner / web-design / nettbutikk
- Matfag: Kjøkken / kantine / catering
- Handverksfag: Tre/gjenbruk av byggematerialar og vaktmeistertjenester
- Logistikk: Lager/frukt og transport
- Merkantil: Kontor- og administrasjon

På noverande tidspunkt tilbyr vi også VTA-tiltaket innan følgjande arbeidsområde:

- Produksjon og sal av glasartiklar/pyntegjenstander
- Tekstilarbeid (syng og produksjon av tekstilprodukt til industriverksemder)
- Butikkarbeid
- Produksjon av opptenningsrullar
- Pakking av jordbeger for bedrift som dyrkar urter til restaurantbransjen.
- Gardarbeid / hønsstell
- Vedarbeid

Desse arbeidsområda skal etterkvart i hovudsak tilbys gruppa som treng tettare oppfølging enn det VTA er berekna for.



METODAR I TILTAKET

Ein VTA-tilsetjing i Gløde skal bidra til å utvikle den tilsette sine ressursar gjennom tilrettelagt arbeid, og om mogeleg kvalifisere til ein mest mogeleg ordinær jobb på sikt. Dette skal gå føre seg gjennom heilskapleg oppfølging og ulike formar for opplæring.

Opplæringa vert i stor grad knytt opp mot lærefag der element og fagmål vert valde frå lærefag som går inn under våre arbeidsområde. Eks. kokkefaget, drifts- og vedlikehaldsfaget, IT utviklarfaget etc. Det utarbeidast individuelle læringsmål opp mot kva som kan tilbys og kva som den enkelte ønskjer som er realistisk for kvar enkelt.

Vi har i 2023 lagt VTA-fagansvaret inn under ein felles fagavdeling «Arbeidsinkludering» som har ansvar for AFT, VTA, fagopplæring og Kommunalt finansiert tiltak. Målet med dette er at fagkompetanse og alle våre faglege verktøy som vi nyttar til oppfølging, kartlegging, karriererettleiing og marknadsarbeid, kan nyttast på tvers av tiltaka. Dette gjeld m.a. : Inflow, jobpics, SE-metodikk og MI.

Rettleiing av den enkelte vert tatt hand om av arbeidsretteleiar, med støtte frå avdelingsleiar og fagansvarleg for attføring, samt miljøterapeut med høgskuleutdanning innan helsefag. Dei fleste planar og rapportar vert utarbeidd av arbeidsretteleiar som har primæransvar for deltakaren.

Det vert gjennomført daglege produksjonsplanleggingsmøter der dagens arbeid blir drøfta, planlagt og fordelt. Dette gjev arbeidstakarane moglegheit for påverknad over eigen arbeidssituasjon, samt at verksemda får god styring over dei ressursar som til ei kvar tid er tilgjengeleg. Totalt sett er dette med på å styrke brukarmedverknaden for dei som er i dette tiltaket.

Alle menneske er ulike, og vil ha ulike behov for oppfølging. Vi vektlegg individuell tilpassing av kvar enkelt sin arbeidsdag med moglegheit til å jobbe innanfor fleire av dei ulike arbeidsområda som vi har.

Vi erfarer at enkelte som har vore lenge i tiltaket har fått større oppfølgingsbehov. Gløde har ein pågåande dialog med Nav og Alver kommune om fleire deltakarar som vurderast å falle utanfor oppfølgingsnormen som gjeld for VTA-tiltaket, ein rettleiar pr. 5 deltakarar. Vi har i 2023 jobba for å finna saumløyse overgangar for den einskilde og håpar å gjennom dette å kunne skapa rom til fleire av dei som er på ventelista.

Arbeidstakarane er representert i vernearbeidet gjennom kontaktpersonar på kvar avdeling. Bedrifta har ei trivselsgruppe bestående av to valde arbeidstakarar og to ordinært tilsette. Desse jobbar med ulike trivselstiltak i bedrifta. Arbeidstakarane har også vald ein representant til bedrifta sitt styre og ein tillitsvalt og sekretær som skal ivareta arbeidstakarane sine interesser.

Alle VTA-deltakarane fekk i februar 23 tilbod å delta på ein ny årleg digital VTA-dagskonferanse for VTA-deltakarar; Jobbgledekonferansen. 1 året deltok ca. 15 VTA-deltakarar. Ein deltakar gjennomførte truckføraropplæring i 2023.

Vi gjennomførte ulike sosiale arrangement i 2023 både bedriftsinterne og fellessamling med andre arbeidsmarknadsbedrifter, samt sommar- og julesamlingar. Det vart også gjennomført ulike mindre arrangement i løpet av året.

Det planleggast felleskurs retta mot VTA-deltakarar innan ulike fagområde i fellesskap med dei andre arbeidsmarknadsbedriftene i Nordhordland: sal- og servicekurs, ernæringskurs, hygienekurs.

TILBOD I ORDINÆRT ARBEIDSLIV

Gløde har hatt fleire personar utplassert i eksterne verksemder gjennom året, i butikkar, Lyssand Frekhaug og hjå frisør, og vi har også etablert eit godt samarbeid med ei lokal verksemd som lagar og held ved like presenningar som vert nytta i oppdrettsnæringa. Vi har i løpet av 2023 hatt personar utleidd til denne verksemda

KOMPETANSE

Vi har eit godt samarbeid internt mellom avdelingane og med AFT-avdelinga for å styrka opplæringa med utgangspunkt i fagopplæringsplanar. Det er pr. desember 2023 2 deltakarar som gjennomfører heil eller delvis fagopplæring og som er i VTA-tiltaket: Ein lærling i logistikk og ein lærekandidat innan kokkefaget.

Satsing på fagopplæring vidareførast i 2024. Vi har som mål å tilby opplæringskontraktar til fleire av våre VTA deltakarar, med målsetjing om kompetanseheving for den einskilde. Dette vil vi lage ein strategi for i 2024.

GJENNOMSTRØMMING

Alle tall som gjengis her skal oppgis i antall personer.

	Kvinner	Menn	Total
Antall deltakere ved start	12	16	28
Antall deltakere + begynt i løpet av året	1	4	5
Antall deltakere - sluttet i løpet av året	1	2	3
Antall deltakere ved = slutt	12	18	30

ALDERSFORDELING

Alder på deltakere som var aktive per	Alder på deltakere som sluttet i perioden
01.01.2023	01.01.2023 - 31.12.2023

3	Under 25 år	
10	Over 25 inntil 35 år	2
14	Over 35 inntil 55 år	1
3	Over 55 år	
30	Totalt	3
39,0	Gjennomsnitt	37,0

Gløde hadde ved utgangen av året 6 personar på venteliste til VTA.

KOMMUNALE TILTAKSPlassar I Gløde

Gløde har ved utgangen av 2023, 14 personar som er heilt finansierte av kommunen. Kommunen har over tid jobba med å utarbeide retningslinjer for desse plassane. Regelverket var godkjent av kommunestyret i slutten av 2022. Tiltaket er retta mot personar som har behov for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging. Målet er at deltakarane på kommunale plassar må vere i stand til å utføre delar av eit arbeid som gir eit sluttprodukt med god kvalitet.

Tiltaket er 100 % finansierte av innsøkande kommunar, og satsen er satt i forhold til den enkelte sitt oppfølgingsbehov. Oppfølgingsbehovet vert fastsett ut frå søknad og ein utprøvningsperiode ved Gløde. Avtalen til den enkelte vert evaluert årleg mellom partane.

Alver kommunestyre har vedteke felles retningslinjer og finansiering av KTA-tilbodet i kommunen. Det nye namnet er Kommunale Velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak (KVA). Implementering av nye retningslinjer og arbeid med rutinar vil halde fram i 2024.



GARDSARBEID

Gløde har inngått leigeavtale om av Thorsheim Gard på Søreide i Alver. Vi leiger driftsbygning, hus og grunn på gardsbruket. Dette tilbodet er spesielt mynta på deltakarar med stort oppfølgingsbehov og personar som trivst ute.

Samarbeidet gjev nye moglegheiter for ulikt arbeid, og fysisk arbeid og mosjon i eit nært, trygt og godt fellesskap. På garden har Gløde høns og moglegheiter for dyrking av grønsaker og potet, og det er skogs- og vedarbeid. I tillegg lager vi

jordpakkinga for Mikrogrønt ut på garden, og vi har også enkelt vedlikehaldsarbeid og enkel snekring. Vi ser at fleire arbeidstakarar har hatt ein svært positiv utvikling i form av mindre uønskt åtferd, og vesentleg meir motivasjon og større arbeidsevne.



METODAR I TILTAKET

- Individuell rettleiing/ medarbeidersamtale
- Utarbeide aktivitetsplanar
- Dagsplanar/ «teeach metode»
- Gode morgonmøtet kor alle er samla, produksjonsplanlegging
- Sosial trening og opplæring i sosiale ferdigheiter og karriereferdigheiter
- Samarbeidsmøte / ansvarsmøter
- Konsekvenspedagogikk
- Empowerment
- Motiverande samtaler, bygger på MI metoden
- Relasjonsleiing
- Opplæring og grunnleggjande praksis tilpassa deltakar sine føresetnader, ynskjer og behov

GLØDE SOM OPPLÆRINGSBEDRIFT

Kravspesifikasjonar for AFT og VTA poengterer at det skal gå føre seg opplæring og kvalifisering i tiltaka, særleg innanfor yrkesfaglege studieløp. Vi legg opp til at bedrifta både skal vere ein arbeidsplass og ein opplæringsarena.

Bedrifta er godkjend i lærefaga

- Restaurantkock
- Ernæringskock
- Logistikk
- Møbelsnikkar
- Kontor- og administrasjon

Arbeidstakarar i VTA kan få tilbod om opplæringskontrakt når dette er hensiktsmessig og på sikt få delkompetanse i eit av faga.

På dei ulike arenaene vert det arbeida etter fagplanar for faga vi er godkjende i, men med tilpassingar til kvar einskild arbeidstakar. Det er og plukka ut mål frå andre læreplanar vi ser det er aktuelt å bruke i Gløde, t.d. vaskerifaget, salsfaget og innhaldsproduksjon.

Vi ser at oppfølging av deltakarar i ulike tiltak vert styrka ved bruk av mål i opplæringsplanen, sjølv om desse måla må omarbeidast og plukkast frå kvarandre for å vere tilrettelagd for den enkelte arbeidstakar. Slik omarbeiding er ei styrke i oppfølgingsarbeidet. Vi får meir dokumentert kva den enkelte gjer, og arbeidet vert meir målretta.

ELEVAR

Gløde har i fleire år hatt avtale med Vestland Fylkeskommune om elevplassar frå vidaregåande skular. Fylkeskommunen finansierar utprøvinga. Vi har i mange år hatt elevar på slik utplassering i skuletida. Dette er som oftast elevar som har tilrettelagt undervisning og som treng tilrettelagt arbeidsutprøving og trening. Vi har og utplassering av elevar frå ordinære studieløp i vidaregåande skule, då særleg frå helse- og oppvekstfag.

I 2023 har vi også hatt elevar i utprøving i kortare eller lengre periodar. Utprøvinga tek utgangspunkt i behova og ønska til elevane og kan gå føre seg på alle våre arbeidsarenaer.

STUDENTAR

Vi samarbeider med Høgskulen Vestlandet og tilbyr praksisplassar til studentar innanfor sosialt arbeid og for sjukepleiarstudentar.

OVERSIKT OVER ARBEIDSFELT I VERKSEMDA

Gjennom ulike formar for produksjon skal Gløde sikre relevant arbeidstrening, og all produksjon og tenesteleveranse skal underbygge visjonen vår om

å bidra til at kvart einskild menneske får moglegheit til å nå måla sine.

LOGISTIKK OG SERVICE

MATFAG

- Kafè Helsehuset
- Internkantine Frekhaug
- Catering
- Utleige
- Minnestund

Med kjøkken og kantinedrift som arbeidsarena får arbeidstakarar kyndig rettleiing og opplæring av faglærde kokkar og etter eigen opplæringsplan. Kantinene er godkjende lærebedrifter i kokkefaget. Kantinene er arbeidsarena for tiltaka AFT og VTA, for elevar og for lærekandidatar.

LOGISTIKK

Gløde er godkjend lærebedrift i logistikkfaget. Fagplan frå logistikkfaget vert brukt ved lageret på Mjåtveit og ved fruktavdelinga på Frekhaug.

Lager Mjåtveit

Gløde har lagerhald av røyrklammer for FRAMO Hjertås, samt lager av lager av O-ringsett for Bergen Engines AS. Arbeid på lageret inneber montering, logistikk, ordrepakking, kvalitetskontroll, truck køyring, dagleg kontroll av truck m.m. Vi er godkjend opplæringsbedrift i logistikkfaget. Lageret på Mjåtveit er arbeidsarena for tiltaka AFT og VTA, for elevar og for lærling/lærekandidatar.

FRUKT (JOBBFUKT OG SKULEFRUKT)

Gjennom samarbeid med BAMA leverer vi fruktkorger til verksemder i Nordhordland og Bergensområdet. På fruktavdelinga deltar arbeidstakarar gjennom heile prosessen – frå mottak av varer, lagring, pakking, distribusjon og leveranse til kunden. Det blir gitt opplæring i alle ledd, og særleg innan hygiene og behandling av matvarer. Kundane våre er store og små verksemder som alle stiller krav til profesjonalitet og kvalitet. Fruktavdelinga i Havnevegen er arbeidsarena for tiltaka AFT og VTA, for elevar og for lærekandidatar i logistikkfaget (i kombinasjon med lager på Mjåtveit).

Transport

Arbeidet på transportavdelinga gjeld ulike transportoppdrag av fruktkorger, catering samt andre transportoppdrag internt og for

eksterne oppdragsgivarar. Arbeidet består av lessing, lossing, sikring av last, køyring av varebil, vera sidemann, levering, handtering av køyresetlar, planlegging av ruter og kundekontakt. Vidare inngår reinhald og enkelt vedlikehald av bilane.

VAKTMEISTER/TREARBEID

Vi har vaktmeisteravtale med Frekhaug senter med ansvar for orden og vedlikehald av senteret sitt uteområde. Eininga har også ansvar for drift og vedlikehald av eigne bygg og eigedom. Arbeidsområdet passar for dei som har interesse for praktisk arbeid ute og inne.

Innanfor trearbeid vert det produsert treartiklar til eige bruk internt i Gløde, til industrien, hage- og sittebenkar m.m. Avdelinga gjev opplæring produksjon av treprodukt, handtering av verktøy, maskinar, HMS og dokumentasjon knytt til dette. Avdelinga er arbeidsarena for tiltaka AFT og VTA, for elevar og eventuelle lærekandidatar.

GARD OG PRODUKSJON

Thorsheim gard

Thorsheim Gard på Seim er arbeidsarena for arbeidstakarar som treng tett oppfølging og ekstra tilrettelegging. Her er det flest arbeidstakarar i kommunalt finansiert arbeid. Etter avtale med gardseigar bukar vi det gamle fjøset som arbeidsrom for produksjon og pakking, låven vert brukt som snikkarverkstad og butikk. I kjellaren i fjøsen er det hønsehus, og eit gammalt sauefjøs brukast til saging, tørking og lagring av ved.

Glass, tekstil, butikk

Gløde lagar ulike artiklar i glas. Arbeidet (glassfusing) består i mange element frå oppkutting av ulike glastype, måling på glas, forme dekorative mønstre og brenning i omn. Glas vert samansmelta, manipulert, dekorert og forma i omn med høg varma. Produkta vert selt i vår eigen butikk. Vi har i 2023 også vore til stades med pop-upbutikk på julemarknaden i Bergen.

Ved avdelinga tilbyr vi også arbeid med klipping, merking og sying av støvhetter til å beskytte røyr og maskindelar under transport. Dette er eit arbeid vi har for Framo. Vi har også ein vev der det vert produsert filleryar, men det har vore mindre av dette i 2023.

Produksjon Havnevegen 15

Produksjonsavdelinga i Havnevegen 15 er ein viktig del av arbeidet vårt med å skape meningsfulle oppgåver og moglegheiter for arbeidstakarar med ulike evner og funksjonsnivå. Her jobbar vi med kabelskrelling for gjenvinning av kopar og aluminium, og vi produserer «Glødepluggar» for opptenning (bål/omn). Glødepluggane distribuerast gjennom avtalar med ulike butikkar og gjennom direktasal. Vi utfører også oppdrag for ulike verksemder, inkludert pakking av O-ringsett, pakningssett og posepakking av monteringssett for røyrklammer.

Vi legg stor vekt på å tilrettelegge produksjonen slik at arbeidstakarane kan delta og utføre arbeidet. Meningsfulle arbeidsoppgåver bidrar til at arbeidstakarane våre får verdifulle ferdigheiter og erfaringar.

ANDRE ARBEIDSOMRÅDE

GLØDE DATA – GLØDE PROGRAMMERING – GLØDE SOFTWARE

Gløde Data er overbygningen. I løpet av 2023 har vi fått to nye område under dette: Gløde Programmering og Gløde Software.

Ved avdelinga Gløde Data tar vi imot brukt IKT-utstyr som elles ville blitt kasta, og vi demonterer og resirkulerer det på ein berekraftig måte. Dette gjer vi ikkje berre for miljøet, men også for å gi arbeidstrening og ettertrakta ferdigheiter til menneske som treng det.

I starten av 2023 var vi heldige nok til å vinne Spinn-midlar som har bidrege til meir utvikling av avdelinga. Hausten 2023 starta vi opp programmeringskurs under fanen Gløde Programmering. Dette i eit samarbeid med JobLoop. I desember 2023 har vi hatt enno ei utviding: Gløde Software der dei skal bruke

programmeringskompetansen til å utvikle m.a. nettsider og appar for kundar.

Målet er å gi deltakarane kompetanse og arbeidserfaring som er etterspurd slik at dei blir meir ettertrakta på den ordinære jobbmarknaden.

**GLØDE DATA
KORLEIS VI ARBEIDER**

SKAFFE BRUKT IKT-UTSTYR
Vi henter brukt IKT-utstyr frå ulike verksemder. Vår største samarbeidspart her er Nordhordland IKT.

SERTIFISERT SLETTING AV DATA
Vi fjerner alle data frå utstyret med anerkjent programvare (sertifisert sletting).

RENOVASJON
Vi tilbakestill, renoverer, reingjer og oppgraderer utstyret.

NY PROGRAMVARE
Vi installerer ny programvare (lisensiert programvare).

MILJØFORSKJELL
Via Alverbutikken sel vi resirkulert utstyr. Alt som kan gjenbrukast går til gjenbruk. Kjøp brukt og du gjer ein forskjell for miljøet.

ARBEIDSKRAFT
Ved å velje oss bidrar du til arbeidstrening og inkludering for gode arbeidstakarar.

MILJØARBEID

Dette arbeidsområdet passar for deltakarar i AFT som har interesse for og ynskjer seg inn i eit arbeid innanfor til dømes helsefag, vernepleie og som miljøarbeidar (dagsenter og liknande). Arbeidet går føre seg i vår avdeling for kommunale tiltak.

KONTOR OG ADMINISTRASJON

For aktuelle kandidatar kan vi tilby arbeidstrening innanfor kontorfaglege oppgåver som fakturering, arkivering, arbeid i ulike dataprogram, oppgåver knytt til nettside og sosiale media, telefoni og kundebehandling.

UTVIKLING OG SAMARBEID

Utviklings- og forbetningsarbeid er svært viktig for oss, og vi skal halde fokus på det. Vi har dei seinare åra innovasjon, forretningsutvikling, synleggjering og innhaldsproduksjon for å vere synlege i marknaden.

Å vere til stadas i ulike fora og på ulike plattformer gir oss både auka sal og meir merksemd.

Eig godt samarbeid med NAV er ein viktig faktor for utvikling og forbetring.

OPPLÆRINGSKONTORET AMB VESTLAND

Gløde er medeigar i Opplæringskontoret AMB Vestland – tilrettelagt fagopplæring. Målgruppa er ungdom som har eller vil få utfordringar med å slutføre yrkesopplæring på eiga hand. Fagopplæring skjer både i tiltaksbedrift og i den ordinære bedriftsmarknaden. I samarbeid med OKAMB er Gløde tilretteleggjar for lære kandidaten og bedrift og har oppfølging av begge partar gjennom heile opplæringstida. Vi har eigen tilretteleggjar i bedrifta som føl opp lære kandidatar i Gløde og i ulike andre verksemder.

ANBODSARBEID

Vi har som mål å aktivt levere anbod der dette er aktuelt og inn under våre tenesteområde, deriblant avgrensa anbod.

Vi har i 2023 ikkje deltatt aktivt i anbodsprosessar. Vi gjer ei nøye vurdering av kva vi har av ressursar

og kapasitet ut frå storleik på anbodet. Vi ser at vi i mange tilfelle blir for små i denne samanheng og må difor vurdere samarbeid der dette er mogeleg.

SAMARBEID 2023

- Tett og utviklande samarbeid med JobLoop
- Samarbeid med Krokeide vidaregåande skule.
- Tett samarbeid med dei einkilde rettleiarane på mange ulike NAV-kontor rundt kvar einskild sak.
- Eigarskap i OKAMB. Nestleiar i styret til OKAMB. Tilretteleggjar for lære kandidatlar i bedrifter for OKAMB.
- Tett samhandling med ei rekke verksemder i næringslivet – t.d. Framo og IKT Nordhordland
- Samarbeid med ulike helsetenester og spesialisteingar i ulike saker.
- Samarbeid med Opplæringskontoret Nordhordland
- Samarbeid med Fylkeskommunen – vidaregåande opplæring for vaksne
- Samarbeid med etatar og tenester for å bistå deltakarar i ulike saker.
- Samarbeidsmøte med NAV.
- Samarbeid med andre arbeidsinkluderingsbedrifter i regionen på leiarnivå.
- Samarbeid med andre arbeidsinkluderingsbedrifter i regionen om kurs.
- Erfaringsutveksling (og besøk til) med andre tiltaksarrangørar i vår og i andre regionar.
- Samarbeid med lokale verksemder om utleige / praksisplassar.
- Medlem av Nordhordland Næringslag der vi deltek fast på møter og arrangement.
- Medlem i Næringslaget sitt nettverk LINK.
- Medlemsskap i bransjeorganisasjon ASVL.
- Delteke på ulike møter og kurs arrangert av bransjeforeiningane ASVL og Arbeid & Inkludering.
- Samarbeid med eigar av Thorsheim Gard.

SERTIFISERING

ISO 9001:2015

Gløde AS har kontinuerleg fokus på betring av kvalitet, rutinar og prosedyrar. Vi har frå 2019 vore sertifisert etter kvalitetsstandarden i ISO 9001:2015. ISO-standarden er ein betre kjend kvalitetsstandard i næringslivet enn vår tidlegare sertifisering i Equass. ISO er i tillegg ein anerkjent og god kvalitetsstandard for både tenesteyting og produksjon. Vi har innlemma heile drifta i ISO-sertifiseringa. Våren 2022 blei vi på ny sertifisert for 3 nye år, med oppfølgingsrevisjon våren 2023 og våren 2024.

ISO 14001:2015

Gløde har som plan å bli sertifisert i miljøleing etter ISO-standard 14001:2015 i løpet av våren 2024.

ØKONOMI

Gløde har hatt stor økonomisk forbetring i 2023, frå eit særst dårleg resultat i 2022 på minus 3,2 mill.. Med alle forbehold, då årsrekneskapen ikkje er ferdig og ikkje er revidert ennå, ser det ut til at vi oppnår eit lite overskot i 2023.

Gløde hadde store utfordringar under pandemien og har måttet ta kraftfulle grep for å snu utviklinga.

Salsinntekta av varar og tenester gjennom kommersiell verksemd har auka med 30% og tiltakstenester har auka med 6%. Utgiftene har auka med 5% og det samsvarar omtrent med generell prisvekst i samfunnet elles.

Alver kommune har i emisjon i sept. 23 kjøpt seg opp i morselskapet og auka sin aksjekapital med kr. 3 mill i Gløde Utvikling og eig no over 97% av aksjane. Gløde Utvikling er heileiger av Gløde AS. Mykje av auka kapital vidareførast til Gløde gjennom ein tilsvarande emisjon i selskapet. Dette vil styrke likviditeten i selskapet.

Året er godt i gang og styret har vedteke strategisk plan for komande år. Gløde vil halde fram med å jobba for vi skal vere ein betydeleg aktør innan arbeidsinkludering i Nordhordland og nærområda, og ein god aktør innan våre teneste- og produksjonsområde. Vi skal vere tydelege på våre verdiar og vi skal ha eit godt om dømmeGløde er seg bevisst vårt samfunnsoppdrag og vår målgruppe og vil alltid setje dette over alle andre mål. . Nokre stikkord for inneverande år:

1. Rett brukargruppe i alle tiltak og rett deltakar på rett plass.
2. Tydeleggjera våre kjerneområde i NAV-tiltaka
3. Utvikla vår organisasjon
4. Utvikla vår kompetanse
5. Utvikla våre arbeidsområde for ekstra tilrettelagt arbeid (kommunale tiltaksplassar)
6. Sunn og berekraftig økonomi

I tillegg skal vi ha ekstra fokus på:

7. Samarbeid i bransjen: Vi skal ta initiativ til å utvikla samarbeidet i bransjen om kompetanse og utvikling. Gløde vil jobba for å auke samarbeidet mellom aktørane i Nordhordland og i regionen og også vurdere om vi skal gå inn i ein nasjonal allianse.
8. Gløde skal jobba enda meir aktivt for å nå tiltaksmåla når det gjeld: Innhald, målkrav og aktivitet.
9. Digital utvikling i selskapet.